

Undersøking av erfaringane til brukarar av svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

Til deg som nyleg har fødd

Vi ønsker å invitere deg til å svare på eit spørjeskjema om dine erfaringar med dei helsetenestene du har motteke.

Føremålet med undersøkinga

Undersøkinga skal gje meir kunnskap om korleis kvinner som nyleg har fødd opplever det offentlege tilbodet innan svangerskap, fødsel og barsel i Noreg, og med dette bidra til å gjere tilbodet betre.

Kvifor du får spørsmål om å delta

Du får denne førespurnaden fordi du har fødd i perioden frå 1. august 2024 til 28. februar 2025, eller frå 1. juni til 31. juli. Dine erfaringar er viktige, og vi håpar du tek deg tid til å svare!

Kven er ansvarleg?

Undersøkinga er eit nasjonalt prosjekt som Helsedirektoratet gjennomfører på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Om utfylling av spørjeskjemaet

Spørsmåla i skjemaet handlar om korleis du blei følgt opp, og korleis du opplevde tenestene du har motteke. Har du fødd barn tidlegare, ber vi deg berre vurdere tenester du har brukt i samband med din siste graviditet, fødsel og barseltid.

For å delta,logg inn på Helsenorge og gå til innboksen din. Der finn du ei trygg lenkje som tek deg direkte til undersøkinga, utan behov for ny innlogging. Du kan svare digitalt ved å bruke mobiltelefon, nettbrett eller datamaskin.

Når du trykker på "Send" på siste side, blir svaret ditt trygt lagra ved Universitetet i Oslo.

Det er frivillig å delta

Deltaking i undersøkinga er frivillig. Ved å svare på spørsmåla i skjemaet og sende det inn, samtykkjer du til å vere med i undersøkinga og til at vi samanstillir svara dine med opplysingar frå Medisinsk fødselsregister (MFR) (sjå vedlagt oversyn over kva opplysningar det gjeld). Om du ikkje svarer, sender vi deg to påminningar. Helsedataservice ved Folkehelseinstituttet har godkjent at vi hentar bakgrunnsopplysningar om dei som ikkje svarer på spørjeskjemaet. Dette er for at vi skal kunne sikre god kvalitet på undersøkinga.

Kort om personvern

Vi brukar berre opplysningane om deg til dei føremåla vi har skildra her. Personopplysningane dine blir behandla konfidensielt og i tråd med gjeldande personvernreglar. Statistikk og resultat frå undersøkinga vil berre bli publisert på gruppenivå (aggregert) og behandla slik at dei ikkje direkte kan sporast tilbake til deg.

Spørsmål

Dersom du har spørsmål om undersøkinga eller treng hjelp til å finne fram på Helsenorge, kan du ta kontakt med rettleiingstenesta til Helsenorge. Rettleiingstenesta når du på tlf.: 23 32 70 00, kvardagar mellom 08.00-15.30. Ved spørsmål knytt til sjølve spørjeskjemaet, kan du kontakte oss som er ansvarlege for undersøkinga i Helsedirektoratet på e-post: brukerundersokelser@helsedir.no. For å verne personvernet ditt, ber vi deg unngå å sende personopplysningar (f.eks. fødselsnummer) i e-posten. Du kan òg lese meir om personvern i Helsedirektoratet på våre nettsider, eller du kan kontakte Helsedirektoratets personvernombod.

Vi håpar du ønsker å delta!

Du som fødte i perioden frå 1. juni til 31. juli kan fram til **2. oktober 2025**:

- Endre ditt samtykke og be om å få sletta innsamla data om deg
- Reservere deg mot at vi hentar inn bakgrunnsdata om deg

Trykk på lenkja til samtykkeskjemaet, og ha din BankID klar viss du ønsker å gjere endringar.

→ [Samtykkeskjema](#)

Her kan du lese meir om personvern og datahandsaming:

Kva gir oss rett til å handsame dine personopplysningar?

Vi handsamer dine personopplysningar basert på ditt samtykke. Opplysningar frå MFR vert henta inn og samanstilt med dine svar for å utføre ei oppgåve av allmenn interesse, i samsvar med personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e) og artikkel 9 nr. 2 bokstav b) og g). Dette skjer på bakgrunn av dispensasjon frå teieplikt frå Helsedataservice ved Folkehelseinstituttet, etter helseregisterlova § 19 e. Handsaminga er basert på tilrådinga til Helsedirektoratets personvernombod (PVO).

Kva skjer med opplysningane dine?

Følgjande informasjon blir brukt i undersøkinga:

1. Fødselsnummer for å sende ut førespurnad om å delta via Helsenorge
2. Svara dine frå spørjeskjemaet
3. Bakgrunnsdata om alle som har fødd i perioden (sjå oversikt over kva data vi hentar inn)

Fødselsnummer og bakgrunnsdata (punkt 1 og 3) blir henta frå MFR. Fødselsnummeret ditt blir sletta og erstatta med eit deltakarnummer før svara dine i spørjeskjema (punkt 2) blir samanstilt med bakgrunnsdata i statistiske analysar. Etterpå blir data overført til Helsedirektoratet der dei blir behandla og lagra i samsvar med strenge tryggleikskrav.

Prosjektgruppa i Helsedirektoratet er ansvarleg for datasettet som vil bli brukt til kvalitetssikring og analysar av brukaropplevd kvalitet. Resultat frå undersøkinga vil bli presentert på Helsedirektoratet sine nettsider i ein nasjonal rapport.

Statistikk og resultat frå undersøkinga vil berre bli publisert på gruppenivå (aggregert) og handsama slik at dei ikkje direkte kan sporast tilbake til deg (avidentifisert). Avidentifiserte data frå undersøkinga vil òg bli brukt i analysar og forskning.

Følgjande bakgrunnsdata blir henta frå MFR:

- Opplysningar om mor (alder og fødeland, om eventuell ultralyd- og NIPT-undersøking, svangerskapslengde og tal tidlegare fødselar)
- Informasjon om barnet og fødselen (stad, dato, tal barn, fødselsleie, liggedøgn, utskrivingsdato, smertelindring, type fødsel, inngrep, igangsetting og eventuelle komplikasjonar)

Dine rettar

Så lenge du kan bli identifisert i datamaterialet, har du rett til å protestere på databehandlinga, be om innsyn, retting og sletting av opplysningar vi handsamar om deg. Du vil i så fall høyre frå oss innan ein månad. Du har òg rett til å klage til Datatilsynet om korleis vi handsamar dine opplysningar.

I denne delen av undersøkinga kan du fram til 2. oktober 2025:

- Endre ditt samtykke og be om å få sletta innsamla data om deg
- Reservere deg mot at vi hentar inn bakgrunnsdata om deg

Det gjer du ved å sende inn samtykkeskjemaet nedst på denne nettsida. Hugs å ha din BankID klar. Etter dette slettar vi kopplingsnøkkelen mellom svarfilene og respondentane, slik at det ikkje lenger er mogleg å identifisere deg som person basert på dei innsamla opplysningane. Alle som jobbar med undersøkinga har teieplikt, og alle opplysningar blir behandla fortruleg.

Berre dei i prosjektgruppa til Helsedirektoratet som har tenestleg behov, vil ha tilgang til fødselsnummeret ditt fram til fødselsnummerlista blir sletta. Du vil ikkje kunne bli gjenkjent i publikasjonar frå prosjektet, og institusjonane du har motteke tenester ved vil heller ikkje få vite kva akkurat du svarer.

Kva skjer med personopplysningane dine når prosjektet vert avslutta?

Prosjektet vil etter planen bli avslutta innan 31.12.2035. Helsedirektoratet vil lagre opplysningane i aidentifisert form på ubestemt tid for seinare analysar.